



Helse og omsorgsdepartementet
p.b 8011 Dep

0030 OSLO

Vår ref.	Dykkar ref.	Sakshandsamar	Direktenr	Arkiv	Dato:
07/326-10		Kristiane Laberg	57 66 54 07	K2-F01, K3-&70	24.10.2007

Uttale til høyringsdokument

Viser til høyringsdokument ang. rettighetsfesting av BPA. I følge nyheitsbrev frå RO vert kommunane oppmoda om å komme med ein uttale i høve dette innan 1. november.

Kommunen vår har ikkje så lang erfaring med BPA. Vi har pr. i dag 4 brukarar med BPA. Dette er brukarar som har ulike behov og såleis ulikt antal timar innvilga med BPA. Det kjem tilbakemeldingar frå brukarane om at ordninga dei har fungerer veldig fint og at det vert opplevd som ei svært fleksibel og grei ordning som er tilpassa deira eksakte behov.

Vi har ulike organisasjonsformer for BPA i kommunen. Ein av våre brukarar har sitt organisert gjennom ULOBA. 1 brukar har arbeidsleiarrolla sjølv. 1 brukar har nær pårørande som arbeidsleiar. 1 brukar har utnemnt ein av assistentane som arbeidsleiar i lag med seg.

Ein har dei seinare åra merka ei auka interesse for BPA i kommunen og at det er fleire som stiller spørsmål kring denne måten og organisere tenestene sine på.

Som sakshandsamar i kommunen kjenner ein det vanskeleg å sakshandsame desse sakene. Dette fordi det vert opplevd litt for lite konkret.

Ein ser det difor som positivt dersom det vert ei klarare rettighetsfesting av denne tenesta jfr. at ein skal gå inn og sei at dersom det overstig 20 timar pr. veke så kan ein ha krav på at det vert organisert som BPA. Dette vil gjere det mykje meir konkret. Ein tenker også at det da vil verte lettare for brukaren å forhalde seg til kva ein kan krevje og når ein kan krevje det.

Når det gjeld val av arbeidsgjevarmodell så har vi praktisert det her i kommunen at brukar bestemmer dette sjølv. Dette fordi det heller ikkje er alle brukarar som kan ha arbeidsleiarrolla sjølv.

Økonomi:

Slik det er i dag har kommunen motteke midlar frå RO for kvar brukar. Dette er midlar som



til opplæring, informasjon og liknande. I praksis vert store deler av dette beløpet nytta av tiltaket.

Kjem opp i veldig høge summar pr. år i utgifter for at ein skal få att gjennom tiskot for renskrevjande brukarar. Den mest omfattande BPA ordninga vår som er heildøgns kjem opp på dette nivået, og dette kan vi difor søke om tilskot for her.

Dei andre BPA ordningane som er frå 30 – 50 timar pr. veke kjem ikkje opp på eit slikt nivå. Desse har vi difor ikkje noko tilskot for. Det burde vere tilskot for dei som har såpass høge antal timar også. Jfr. ULOBA sitt forslag om at dei som har meir enn 20 timar pr. veke kan ein søker tilskot for.

Når det gjeld administrative ressursar så høyrer det med ein del møter, rettleiing, samtalar med tilsette. Det er mykje sakshandsaming og det hender ein har klagesaker ein skal sakshandsame. I alt er det mykje administrative ressursar som vert nytta i høve BPA her i kommunen. Hadde ein fått meir tilskot for desse tenestene kunne ein kanskje hatt nokon som hadde særskilt ansvar for dette sidan ein ser at det er veksande.

Ein ser det som staten si oppgåve å ruste kommunane i landet godt nok til å kunne gje desse brukarane ein meningsfylt kvardag med fagleg forsvarlege tenester. Og ein tenker at det at kvar enkelt kommune kan søke om tilskot for dette kan vere med på å gjere dette betre.

Med helsing
Årdal kommune

Kristiane Laberg

Kristiane Laberg

Leiar for spesialomsorg

57 66 54 07

kristiane.laberg@ardal.kommune.no